

Du elv, du elv du, tutlar

Tone: Med strålekrans um tinde

- 1) Du elv, du elv du, tutlar, so aalvorsfuld avsta
i stein aa grus du rutlar, du kjenne deg so gla
- 2) Du elv, du elv du kjæra, du prydar dal aa tind
kan eg vel noko læra, af deg aa vegen din
- 3) Upp i dei øvste skorvor, i storm i regn aa ver
i myllum stein aa torvor, ein allerfyrst deg ser
- 4) Du er 'kje stor, du lyte i verdi draga ut
me synast at du syte, men du er utan sut
- 5) Du møte mange plaga, du faar so lite fre
aa jamt lyt du deg laga, aa bøygja av aa te
- 6) Naar storm aa regnver susa, du mandig gjere deg
aa du! Kor du kan brusa, paa heimveg skunda deg
- 7) Du bryr deg smaatt um skraale, i myllum ur aa stein
du hev det stora maale, du helde vegen rein
- 8) Eg sit ved elvemunnen, eg tenkjer att aa fram
eg finn at eg i grunnen, er aag ein ferdamann
- 9) Men kunne eg og færast, aa stella meg som du
aa upp i aalvor lærast aa bøygje meg som du
- 10) Du elv, du elv, du kjæra, du gjeng den rette veg
da er di store æra, i laagdi heilt du deg
- 11) Du bruka moders maale, du hev det gamle ljo
um isen den er haale, um dar er mykje snjo
- 12) So liti kan du væra, at ein deg snaudt kan sjaa
aa stor du kan deg gjera, naar ruskever kjem paa
- 13) Du elv, du elv, du kjæra, naar rett eg paa deg ser
eg ser kva eg ska gjera, i storm aa ruskever
- 14) Din heimstad er i have, d'er hav du søkjer til
aa burt fraa verdsens kave, du kjeme naar Gud vil
- 15) Men nei du her lyt væra, til tidi di er slutt
daa sluttar du med æra, du heve vandra trutt